



Ole Kristoffer Vågen - her med sonen sin - får ikkje kjøpa areal av kommunen, men han kan få leiga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter gjeldande regulering av området og utifrå ei samla vurdering fra tekniske tenester og leiinga i kommunen har Ole Kristoffer Vågen fått avslag på søknaden sin om å få kjøpa eit areal ved moloen på Skorpo. Men han kan få leiga.**

Han ville nytta området til å plassera og montera saghuset til ei tømmerag/bandsag. Men han ville plassera saghuset slik at det var minst mogeleg i vegen for lagring og transport på den offentlege kaien.

Eigedommen er eigd av kommunen og utifrå reguleringsplanen og gjeldande kommuneplan er arealet regulert til offentlig kai.

I 1980 påpeika sju oppsitjarar på Skorpo saman med ein del offentlege tenestefolk dei dårlege kaitilhøva på øya. Dei viste til viktig transport av lege, veterinær og inseminør og dagleg transport av personar og transport til gardsdrifta som til dømes kunstgjødsel og mjøl. Difor bad dei om at kommunen måtte gjera noko for å betra på dette.

Kommunen vedtok i 1984 å ha byggjing av molo med på langtidsbudsjettet og i 1987 vart det frå fire oppsitjarar på Skorpo søkt om at det vart bygd veg i tilknytning til moloen. Moloen og vegen vart bygd på slutten av 1980-talet og er til bruk for ålmenta og eigarar av eigedomane på Skorpo, slår kommunen fast.

Etter at kommunen fekk søknad om kjøp av arealet vart det sendt brev til eigarane av tre hovudbruk på Skorpo, Det vart også føreteke synfaring av molo og vegen som går frå moloen og over øya til bygningane på bruk nummer ein. Det viste seg då at Vågen på moloen har lagra nokre jernbjelkar, tre-material, grus, singel og anna lausøre som han nyttar til drifta på garden og båtbyggeri/slip som ligg i tilknytning til den kommunale moloen og vegen.

Nå skriv kommunen at målet for moloen er å vidareutvikla området slik at det framstår som ein ryddig og tiltalende offentleg molo og veg bådde for oppsitarane på Skorpo, dei som ynskjer å vidareutvikle området og ålmente som vil vitja øya.

Ein leigeavtale av areal til saghus kan vera aktuelt, men før kommunen kan gå inn for ei eventuell leigeavtale, må alt lausøre som Vågen har lagra innanfor offentleg område vera fjerna. Han må også sørge for at tilførselsvegen ut på moloen til ei kvar tid er open for fri adkomst og at kommunen sitt område ikkje lenger vert nytta som lagringsplass for verksemda hans.

Av Ola Matti Mathisen